

# ÅRSRAPPORT FOR PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK FOR 2006

[eilever@online.no/mobil](mailto:eilever@online.no/mobil) 91 11 35 80



## Innhald:

1. Oppsummering og utfordringar
2. Arbeidsområde
3. Statistikk
4. Aktivitet

## 1.OPPSUMMERING OG UTFORDRING

Nokre vakre sommandagar fekk eg vera med på å gå pilegrim gjennom Vest-Telemark. Eg kom heim glad og stolt over måten pilegrimane vart møtt på. Rein diakoni, kan ein kalle det. Takksam er eg over at diakonien har så godt samarbeid med Skogsleiren i Fyresdal. Jolegudstenesta i skogsleirlavoen med innsette, visitorar og tilsette samla kring eit bål, sette dei gamle evangelieorda inn i ein rett samanheng. Sist år er det gjennomført over fem hundre samtaler og besøk. Prostidiakonen arbeider m.a. med organisering av sorggrupper- eller "Leva-Vidare-grupper" som det heiter. Fire slike grupper har vore i sving. Her har det vore med tre friviljuge gruppeleiarar, og 12 deltakarar. Gjennom Leva-vidare-grupper, diakoniuval, sokneråd, økonomirådgeving og diakonitenesta for skogsleiren i Fyresdal, er over vel seksti friviljuge engasjert. I november arrangerte Diakoniatet eit nytt verdiseminar. Vinje kommune har kome til som medarrangør godt støtta opp av Vest-Telemark Rådet. Tema var i år "Vest-Telemark Fylla". Provoserande for nokon, men ikkje verre enn at nesten nitti menneske deltok. Før jul vart det nok ein gong delt ut oppmuntringspakkar til nokon som kunne trenge det.

Mange utfordringar møter kyrkje og diakoni om dagen. Ei har vorte tydelegare enn alt dette siste året: Diakonien for sjølve Skaparverket.

Ei open og inkluderande folkekyrkje kan aldri klare seg utan diakonien. Denne sida må ikkje bli bort frå Stat - Kyrkje debatten. Ei open og inkluderande kyrkjer er diakonal, men etter mitt syn er det avgjerande at det vert tilført kyrkja diakonstillingar. Prostidiakonstillinga i Vest-Telemark var i si tid Vest-Telemark sin kreative måte å møte trongen for diakoni i grisgrendte strøk og kyrkjelydar utan dei store ressursane. I dag ser ein mange gode føremoner ved organisert prostidiakoni.

1. Utstrekt samarbeid (Konfirmanttreff, Leva-Vidare grupper, diakonikurs, krisearbeid, seminar)
2. Diakonalt feltarbeidar med slentring som metode, eit ubyråkratisk lågteskeltilbod utan krav om registrering og journalføring.
3. Grasrotengasjement kombinert med fagleg, diakonal kunnskap utløyser ressursar.
4. Auka samarbeid og solidaritet mellom kyrkjelydane i prostiet.

## 2.ARBEID SOMRÅDE

### FORKYNNING OG UNDERVISNING OM DIAKONI.

Dette skjer gjennom gudstenester (15), møte med alle konfirmantane, kursverksemd, undervisning og skrivestykka i Vest Telemark Blad.

Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellelråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane, kyrkjedepartement og bispedømeråd. Diakoniatet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar.J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege Fellelråd fører rekneskapan. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.

## DAG 1: SELJORD-MORGEDAL

*Nåde vere med dykk  
Og fred frå Gud vår Far*

Dei gamle pilegrimane hadde bestemt reiseutstyr med seg. Hatt og kappe til vern mot vær og vind. Stav til å stø seg på veggen. Staven skulle òg minne dei om kor naudsynt det er å stø seg til Kristus. Veska skulle vera lita. Ein pilegrim skulle klare seg med lite, og veska skulle alltid vera open slik at ein lett kunne dele med seg .Gjennom vandringa kan ane ein ny fridom, og opne seg for noko nytt. Folket på veggen er ulike. Nokon går for å få med seg historie og kulturen langs veggen, andre for helsa si skuld. Somme for trua på Jesus. Andre igjen for alt saman. Men det er den same varme sola me kjenner, og er takksame for. Nyt dei same svalande regnbyger, får like vonde gnagsår og kjenner lukta av sauemøkk, ja, trakkar jamvel i han. Vi går under den same høge himmelen. Følgjer dei gamle vegar. Dei som lagar nye vegar i sinnet. Midt i det heile kjem til å tenkje på den fattige kaffibonden på Haiti eg møtte på ei heilt anna reise for nokre år sida. Bonden vart spurt om han hadde von om det kunne vera ein veg ut av Haiti si djupe krise; fattigdomen, naud og ufred. "Me går og går og til slutt blir det ein veg," var svaret.

## DAG 2: MORGEDAL-ØYFJELL

*Eitt to, ein støvel og ein sko.  
Eitt to, ein støvel og ein sko.*

Å sette det eine beinet framom det andre, er mi einaste oppgåve dei neste dagane. Det krev ikkje mykje. Får lov å koble bort jobb og liv nokre dagar. Tenkje på andre ting. Finne pusten. La gnagsår på beina erstatte dei på sjela. Men vandringa er meir enn geografi, og enno veit eg ikkje korleis det vil bli å berre vert å berre gå og gå. Kva som kjem opp i meg? Trygge Gudstankar eller trugande tvil. Trong til å be Gud og menneske om tilgjeving? Finn eg freden? Kjem eg nær andre? I lomma har eg ein liten stein. I den legge eg alt av vondt og tunge tankar. Treng eit altar å legge han ned ved. Tek han med til Røldals-kyrkja. Han var òg ein slags pilegrim den gamle husmannen frå Brunkeberg som skulle reise frå nauden i Norge til "Det lova landet." Han pakka sakene og braut opp, hadde tala høgt om at han skulle til den store byen New York, men kom ikkje lengre enn nokre kilometer mot Seljord. Når han seinare vart minna om si mislykka reisa, retta han nakken og sa tørt: " Dette er mitt New York" Slik vil eg ha det. Fornøgd kva som enn kjem ut av marsjen.

## DAG 3: ØYFJELL-ÅMOT

*Kjære Gud eg har det godt,  
takk for alt som eg har fått.  
Du er god du held av meg ,  
kjære Gud du går aldri frå meg.  
Pass på liten og på stor  
Gud bevare far og mor.*

Naturen er rik, og dei som kan- ser Gud i skaparverket. Fantastisk å få vera ute i mange timar. Ligge i det grønne graset. Glede seg over regnbyga og sola som følgjer ein gjennom dagen. Stikke handa ned i ein bekk. Drikke seg utyrst. Takke for at vatnet hjå oss enno er drikkane. Kjenne seg sulten, glede seg rast med saltpølse og brunost. Bli som eit barn att. Vasse med stor glede i bekkane. Skeine steinar utover vatne. Springe fort opp på småtoppar for utsyn. Må bli som eit barn att for å skjøne dei små gleder. Sjølve Meisteren sa at me måtte bli som små barn for å forstå han. Eg ber ei halvegs gløymt barnebøn.under marsjen. Takkar for dei som i si tid kom inn på min sengekant. Dei som sette seg ned der, song og koste med slik at eg kjente meg verdfull -og elska inn i natta. Og framom augo mine kjem for meg- dei eg sjølv kan syne kjærleik.

## DAG 4:ÅMOT-MJONØY

*Sæl æ dei i føesheimen  
Den fattige gjeve braud.  
Han tar inkje reddast for i andre heimen  
Fe lie nokon naud.  
(Etter Maren Ramskeids Draumkved)*

Ein pilegrim går med open veske og ryggsekk. Ein skal kunne dele både mat og opplevingar undervegs. Somme gonger gjev ein- andre gonger tek ein imot Å ta imot kan vera like vanskeleg. Apostelen Peter nekta fyrst sjølve Jesus å vaske beina hans. Meistreren mått bli streng, og fortelje at då kunne ikkje dei ikkje meir fellesskap Pilegrimane gjennom Vest- Telemark får ein smak av eit gjestfritt folkeferd. På ein fest der diktaren Tarjei Vesaas frå Vinje var gjest, vart det ordskifte om kor folk var mest gjestfrie. Ein sa "Me bed dei bli over natta". Ein annan meinte at folk kunne ikkje bli mindre enn ei veke." Tarjei stogga heile ordskifte med å seie: " Hjå konn seier me berre: Du blir vel over veten!" Den same diktaren selde ei hustomt til ein granne. Betalinga drog ut, og grannen klaga aldri så lite over at det var ei ulageleg hustomt han hadde fått seg. Tida gjekk og Vesaas såg aldri noko til tomtepengane. Men for å få orden på tinga tok han og kjøpte heile tomta attende, og naboen fekk pengane han skulle ha betalt. Slik kan vel og Guds nåde opplevast.

### OPPRETTING OG OPPFYLGING AV DIAKONI ORGANA I KYRKJELYDANE.

Det er diakoniutval i Kviteseid, Vrådal, Nissedal, Grunge, Mo/Eidsborg/Skafså og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar. Diakoniutvala arbeider under sokneråda, og kallar inn diakonen når det høver.

### SAMARBEID MED SOKNERÅD OG KYRKJELEGE TILSETTE I PROSTIET.

Samarbeidet skjer på mange felt. Ma gjennom å møte med sokneråd og diakoniutval. Elles deltek eg fast på prestemøta og samlingar som prosten kallar inn til.

### OPPLÆRING OG UTDANNING AV FRIVILJUGE MEDARBEIDARAR.

Så godt som råd vert et prøvd å følgje opp dei friviljuge. Om ikkje anna er målet at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose.

### ARBEID MED Å STYRKE FELLESSKAP OG OPPRETTEOMSORGSGRUPPER.

Sist år har me hatt fem Leva-Vidare-grupper. (Edland, Åmot, Rauland). Tre grupper har vore for born og unge. I alt åtte deltakarar har vore med i desse gruppene under leing av diakonen. Det har vore 12 deltakarar i alt.

### ARBEID MELLOM DEI INNSETTE I SKOGSLEIREN I FYRESDAL

Dei månadlege visitorbesøka feira 20 års jubileum i år. Solveig K. Tveitå skal ha stor takk for at ho har vore med i alle desse åra. Kvar gong er det mellom 10-15 innsette som drikk kaffe og et kake med oss. Elles vert tilbodet om meir individuelle samtaler godt utnytta.(12). Oppslutninga om kyrkjeskysen varierar noko. Triveleg var det då kyrkjelyden i Fyresdal kunne halde friluftsgudsteneste i leiren. Elles vart biskopen godt traktert under sitt vistasbesøk. Alt i alt er det 10 medarbeidarar knytt til skogsleirarbeidet.

### GJE HJELP TIL MENNESKE I AKUTTE, VANSKELEG LIVSSITUASJONAR.

Jamt over kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykningar i samband med arbeid i krisegruppene. Det er òg ei auka i etterspurnaden etter debrifing for innsatspersonale. Det er delt ut fem oppmuntringspakkar før jol.

### STOFF TIL KYRKJELYDSBLAD, AVISER OG RADIO.

Kyrkjelydsblada i prostiet får jamlege stoff. Etter kvart er kommunane sine heimesider ein fin plass å få ut ting. Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (36). Radio og aviser har fått nokre pressemeldingar som dei har laga stoff av.

### HA KONTAKT MED OFFENTLEG SOSIALTENESTE OG HUMANITÆRE ORGAN.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Kontakten med skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Sist år har eg delteke to ansvarsgrupper.

### MÅLA SOM VART VEDTEKE PÅ ÅRSMØTET I VINJE 27.04.06 FOR 2007:

1. Diakoniatet vil halde fokus på kva for verdiar som styrer utvikling i Vest-Telemark. Me vi sjå på nye høve til å arrangere "Verdiseminar".
2. Diakoniatet vil taka del i utviklinga av gode trusopplæringsmodellar i Vest-Telemark.
3. Diakoniatet vil framleis vera oppteken av nyfattigdomen i Vest-Telemark.
4. Arbeide for å gjere kyrkja meir diakonalt i høve til rusproblem.

## DAG 5: MJONØY-EDLAND

*Deilig er jorden  
Prektig er Guds himmel  
Skjønn er sjelens pilgrimsgang  
Gjennom de fagre riker på jorden  
Går vi til paradiset med sang.*

Som dagane går stilnar mangt og mykje. Mykje prat er ein ferdig med. Lydane forandrar seg, sjølv atten-meter lange trailer høyrer mest ikkje. Sinnet har skrudd inn på kortbølgja. Ein trng ikkje skru at å fram for å finne rett bølgjelenge. No høyrer fuglesongen klart og tydeleg utan skurr og ulyd. Godt òg og sleppe mykje prat. Godt at stilla ikkje lenger er trugande. Eller flau eller vitnar om dårlege sosiale fungering. Jesus søkte stadig stilla. Forsvann avsides til disiplane si store fortvilning. Dei meinte han hadde så mykje anna viktig å gjere. Men Jesus gjekk for å be og for å tenke. For å søkje kontakt med sin Far. Eg tenker på karen som kom inni ei kyrkje kvar einaste dag. Sette seg heilt stille og berre såg opp på bilete av den krossfeste Kristus. Kva han såg etter vart, han spurt: " Eg ser på han og han ser meg", let svaret. Kan hende var det Kristus-bilete frå Vinje-kyrkja han såg på. Om det sa Henrik Sørensen som måla den ljose og milde Kristus." Vinbyggiane skal ha ein mild Kristus fordi dei er så snille". Eg ber og om å få møta den milde Kristus når eg skal vandre over mitt siste fjellet.

## DAG 6: EDLAND-BOTN

*Eg lyfter min augo til fjella.  
Kvar kjem mi hjelp ifrå?  
Mi hjelp kjem frå Herren,  
Han som skapte himmel  
og jord.*

Det er i motbakker det går oppover, seier ein lett. Men under vandring kjenner eg mindre og mindre uro. Den udefinerbare uro er bytt bort med reel smerte, og vonde gnagsår. Dei er lettare å bære en den hitt! Om når fjellet kjem mot meg, tek eg til å forstå orda frå Salmane i Bibelen på ein ny måte. Eg vil opp på toppane. Eg vil finne Gud høgt der opp. Der oppe vil eg legge av meg all uro og bekymring. Klatrar eg høgt nok, er flink nok, seier fram dei rette bønner til rette tider får eg vel møte Herren sjølv her oppe på fjellet. Gud ber oss lyfte augo å sjå - då får me kanskje oppleve ein som kjem oss i møte med opne armer ned liene? Når me klatrar som verst for å nå Han - er Han alt hjå oss. Han som kjem for å lyfte av oss børa vår. Og sauane på fjellet talar sterkare enn alt om kven han er: Sjå der er Guds lam som ber bort all verdas synd.

## DAG 7: BOTN-HAUKELISETER

*La konna seie at eg kjem med hest og klyv,  
Å du gjeng med ein kallege kasse på ryggen.  
Og so seie eg at; Kom mæ kassen fin,  
So legg me den uppi klyve.  
(Gamal herme frå Vinje)*

Pilegrimsmarsjen er ikkje idrett. Det er ikkje ein gong nokon stor fysisk prestasjon om ein er så heldig å bein og rygg til å henge sekken på. Det er heller ei øving i å gå sakte nok. Går ein sakte nok, stressar nok ned flyt ein livet ned frå hovud-tankane ned i magen Det rasjonell, intellektuelle og logiske koblast meir og meir ut. Hjartedunkar frisk og godt, kjenslene tek magadrag rett som det er. Det indre menneske opnast. Skremmande og godt på ei og same tid. Så kan ein tenkje på Gud, menneske ein bryr seg om, har såra. Mange bilte flagar forbi. Ei dame eg møter i jobben min stikk stadig innom tankane. Livet hennar har aldri vore lett. Angst har jamt lura rundt husnovene. Men ho ber meg heim til seg til mat og kaffi. Får med til å kjene meg vel. Spør koleis eg har det på ein slik måte at eg vert stum. Er det ikkje eg som skal stille spørsmåla. Så ein vanleg tordagsføremiddag ser ho på meg med sine gode augo, medan ho tørt sier: "Du skal vita at du er ein del av livet mitt" Og eg takkar og tenker at finare komplemet har eg ikkje høyr. Så heldig eg er som får vera ein del av eit anna mennesket sitt liv.

## RESULTATVURDERING :

1. Årets Verdiseminar samla folk til samtale om rus og ruspolitikk. Diakoniet har laga ei avtale med Vinje kommune om samarbeid om slike seminar i tre år. 2. Var med å utforme søknad om midlar til trusopplæring, men heller ikkje no fekk Vest-Telemark pengar. Underteikna skaffar seg kompetanse på området gjennom å vera mentor for prosjektet i Hallingdal prosti og Bø kyrkjelyd. 3. Delte ut fem oppmuntringspakkar til jol. Har økonomirådgjerarar i bakhand om nokon treng slik hjelp. 4. Verdiseminaret om "Vest-Telemark Fylla" fekk raus medieomtale. Elles er målet å vera tilgjengeleg for samtale med folk med rusproblem eller pårørande som slit, gjennom skriving i avis og kyrkjelydsblad ta opp rus som tema, også ha det på karet i møte med konfirmantane.

## 3. STATISTIKK

### HUSBESØK/SAMTALER VED PROSTIDIAKONEN I DEI ULIKE SOKNA

	2006	(2005)	(2003)	(2004)
1. MØSSTROND	2	3	2	14
2. ØYFJELL	11	19	32	34
3. RAULAND	52	81	87	101
4. GRUNGE	27	39	16	23
5. VINJE /NESLAND	66	53	44	53
NESLAND *		13	9	14
6. FYRESDAL	50	44	50	25
7. NISSDAL	27	12	26	6
8. TREUNGEN	21	31	12	25
9. EIDSBORG/MO/ SKAFSÅ	130	152	189	108
10. LÅRDAL / HØYDALSMO	23	14	18	19
11. BRUNKEBERG	25	31	28	16
12. KI LEN/FJÅGESUND	1	1	6	4
13. KVI TESEID	48	59	75	51
14. VRÅDAL	14	4	18	17
15. SKOGSLEIREN	12	14	13	18
<b>TIL SAMAN</b>	<b>510</b>	<b>570</b>	<b>625</b>	<b>518</b>

(\* Frå 1.1.2006 vart Vinje og Nesland eit sokn)

## 4. AKTIVITET

### NISSDAL

#### 48 samtaler

saman med konfirmantar, sokneprest og diakoniutval ansvarleg for Diakonien dag/delteke på eitt diakoniutvalsmøte/vore med på debrif i saman med leiteaksjon/ vore med på Vaksen-Førebuingskurs for 10.klassen på Fjone/ansvarleg for konfirmantane til ny prest var på plass i mars/leia samtalemessa i Nissedal kyrkje/delteke i arbeidsgruppe for "Verdsdagen for Psykisk helse" og I dee- Dugnad i Skien/ vore med på temakveld i kyrkja, timar i ungdomskule og barneskulane i samband med Verdsdagen.

### FYRESDAL

#### 50 samtaler

Delteke på konfirmantleir i Birtedalen pluss to konfirmanttimar/ Eitt diakoniutvalsmøte/ Eitt soknebod/ 13 besøk i skogsleiren/ saman med soknepresten arrangert Diakonien Dag, pluss utegudsteneste og joleavslutning i skogsleiren/delteke under bispevistasen med innlagt skogsleirbesøk/delteke på ei Fredagssamling på POS/

## **VINJE**

### **93 samtaler**

vore med på Diakonien dag i Åmot og i Grunge/ undervist konfirmantar i Vinje og Grunge/andakt på Ljosmesse Åmot skule/ delteke på konfirmantleir på Songa for Vinje -og Rauland/leia to "Leva-Vidaregrupper" på Edland skule pluss ei gruppe for vaksne samarbeid med helsesyster/ delteke på ei debrifing etter ulukke/delteke på to Fasteaksjonsmesser med konfirmantane /delteke på fire ansvarsgruppemøter/ halde preike på Snoformingsfestivalen/delteke på to miljøkveldar i Edland kalla "Bygdas ve og vel/delteke på Pilegrimsmesse i Vinje kyrkje/ eitt soknebod/ leia Verdiseminaret på Vinjehuset og delteke på eitt samarbeidmøte med Kulturetaten/leia ei Leva-Vidaregruppe Åmot skule/

## **KVITSEID**

### **95 samtaler**

Halde andakt på joletreffest for Kviteseid skule/andakt på to formiddagstrefff på Misjonshuset Andakt på "Lagsmøte" på Kvitsund/Delteke på Bibelmisjonen i Brunkeberg/ undervist for 10.kl på kviteseid skule/delteke på konfirmantundervisning /eitt krisegruppemøte/gjeve 10 timar med vegleing til student som tek "Rusutdanning" ved Diakonhjemmet /medansvarleg for Diakonien Dag i Kviteseid og Fjågesund / eitt soknebod/delteke i ei gravferd i Brunkeberg/ eitt soknerådsmøte i Vrådal og eitt i Kviteseid/vote med på tenninga av jolegrana i Kviteseid/eitt diakoniutvalsmøte i Vrådal

## **RAULAND**

### **65 samtaler**

Fire konfirmanttimar/delteke på konfirmantleir med Vinje og Rauland/ preika på Møsstrand palmesundag og Diakonien Dag i Øyfjell/halde festtale på konfirmantfest/delteke i ei gravferd/to soknebod/ eitt debrifingsmøte etter ulukke/ gått med eitt dødsbod/

## **TOKKE**

### **153 samtaler**

Preika på ein Diakonien dag på Kommunehuset/delteke på konfirmantleir på Trovassli/ Ansvarleg for ein innvandrar i språkpraksis / to undervisningstimar på Språkopplæringa/eitt krisegruppemøte/medansvarleg for organisering av Fasteaksjonen i Tokke/ halde andakt på 1.maifest på Torshaug/ gjeve vegleing til sjukeheimsdiakonen (8 timar)/ medansvarleg for nystarta Ungdomsklubb på Dalen/andakt for Sandefjord Diakoniforening i Eidsborg stavkyrkje/undervist tredje klasse på Vest-Telemark Vidaregåande om sjølvord/ saman med næringsjefen arrangert "Ny-i-Tokke" Kveld/ delteke på stabsmøtene på kyrkjekontoret.

## **FELLES FOR PROSTIET**

Ansvar for diakonisamlinga for prostiet i Rauland. Her vart Arthur Haugen frå Bandakslid i Tokke heidra med Diakoniprisen/Tre styremøte i diakonatet pluss årsmøtet /medansvarleg for eitt konfirmanttreff for Tokke, Fyresdal , Vinje og Rauland /delteke på sju prestemøte /distriktskontakt for Kirkens Nødhjelp/ saman med Øyvind Jørgensen laga ei "Fasteaksjonside" i Vest-Telemark Blad /ansvarleg for spalta «Diakoni i Vest-Telemark »i Vest Telemark Blad/kyrkjeleg representant i pilegrimsnemnda i Vest-Telemark /delteke på Yrkesmesse på Dalen/Saman med Diakonstyre ansvarleg for Verdiseminaret i Vinje/delteke på "Om å forstå islam" og trusopplæringskurs i Seljord./undervist om sorg på kurs for Kirkens SOS.

## **UTANOM PROSTIET**

Leiar for «Utval for diakoni og samfunn» i Agder og Telemark Bispedømme Medlem av sentralstyret i Det Norske Diakonforbund(2005-2008)/Delteke på fire fagdagar med diakonane i bispedømet /Mentor for trusopplæringsprosjekta i Bø i Telemark og Hallingdal prosti (2004-2009/vore med på dagssamling for mentorar i Oslo./ vore på tidagars studietur med Kirkens Nødhjelp til Guatemala.

## DAG 8: HAUKELIDSETER-SVANDALSFLONA

*Når ein ser ein kjær blom  
trakka på og audmjukt og knekt  
Men ser han reise seg på ny  
Få helse, få fargar bli vakker  
Få kraft til å reise seg*

*Då synest ein ikkje at livet er spilt.*

(Tarjei Vesaas)

Dei fyrste pilegrimar vandra mot Gud. Eller der ein trudd at Gud var. Ein ville bli fri sjukdom og synd. Få kaste krykkjer av mange slag. Gjera bot, reise seg på nytt som ein nedtrakka blom, og bli vakker etterpå: Det svingar av namna på pilegrimsmåla; Santiago del Compostella, Vadsten, Nidaros og Røldal. Når ein ser slutten på heile vandring kjem tankar om verdien, poenget og nytta av ein slik tur. I vår samanheng er målet blitt mindre viktig, nå talast det vel helst om prosessen, vegen, vandring- eit ord høyrer saman tru. Trua er ikkje anna enn vandringa med Jesus. Somme gonger nær- andre gonger fjernt. Ofte kjensla av han har gøymt seg. Men tru er å lyfte blikket bort frå seg sjølv. Vera heldig som får sjå på Jesus i staden. Trongen for ord er overvurdert. Ofte kjem orda som plutseleg skoddedottar i fjellet, og skuggar for sola. Den gamle ortodokse Kristus-bøna ber ein seie Jesus Kristus på innpust og: Herre miskunne deg over meg - utpust. Og skulle ein bruke heile livet til å finne ut av trua- vil det framleis vera Ein som ventar.

## DAG 9: SVANDALSFLONA-RØLDAL

*Måtte vegen stiga opp  
For å møte deg  
Måtte vinden alltid vera deg i ryggen*

*Måtte sola skina varmt  
På ditt andlet  
La regnet falle mjukt på  
Dine åkrar  
Og til me møtast att  
Må Gud halde deg i si hand.*

Vegen har vore god. Rett mengd av sol og regn Og eg har kjent at Gud har halde oss i si hand. Og endeleg er målet i sikte. Det velsigna målet. Vandringa går mot slutten. Kjenner meg velsigna. Takksam for at eg fekk gå turen Eit steg er den enklaste rørsle som finst. Men likevel ikkje gjeve alle å oppleve. Takksam for menneske har møtt langs vegen. Alt det vakre, alt det god, alt gjeve oss frå Skaparen si han. Han som har velsigna meg så rikeleg at eg tek det heile som sjølv sagt- og ofte gløymer å takke. Det minner meg om gutungen som vart sendt til granne garden for å kjøpe jordeple. Kona på grannegarden ville ikkje ha pengane guten hadde med seg. Guten vart fortvila og redd. Mora hadde då sagt tydelege at han alltid måtte gjera opp for seg. Men den gode kona sa berre: Gjev det gode du møter vidare. Den gamle kaffebonden på Haiti hadde rett. Det vart ein veg. Ein god veg. Ei god reise.

Diakonen sin rapport vert lagt fram for Årsmøtet torsdag 26.04.07 saman med

## **ÅRSMELDING FRÅ STYRET FOR DIAKONATET I VEST TELEMARKE FOR 2006**

Desse vart valt på Representantskapsmøte for **Diakonate i Vest Telemark** under møtet på Vinjehuset 27.04.06

**Oscar J. Garnes**, Vinje (på val i 2007)

**Solveig Abelone Midtgarden**, Fyresdal (på val i 2008)

**Kjell Arne Norum**, Kviteseid (valt mellom prestane i prostiet - på val i 2007)

**Anne Lise Arneberg**, Tokke (på val i 2007)

**Prost Øyvind A. Jørgensen**(fast medlem)

Diakonen har møte og talerett, og er fast skrivar.

**Herdis N. Jørgensen**, Kviteseid ( på val i 2007) og **Håvard P. Tveit**, Nissedal (på val i 2007) har vore vararepresentantar til styret.

Styret konstituerte seg på møtet i august, og gjorde desse vala: **Oscar J. Garnes**, leiar og **Anne Lise Arneberg**, nestleiar

**Bjørn Terje Bjugn**, Vinje er leiar for valnemnda (på val i 2007). **Björg Skarprud**, Kviteseid ( på val i 2008) og attval av **Jon Inge Nordbø**, Nissedal ( på val i 2009)

Styret har hatt tre møte og handsama 14 saker. Mellom desse planlegging av Verdiseminaret.

**Elles har styret desse oppgåver. Personalomsorg. Diakonal pådrivarverksemd. Drøftingsforum.**

Styret har elles hand om utdeling av Diakoniprisen. Denne vart utdelt under Diakonisamlinga i Rauland, og gjekk til **Arthur Haugen**, Bandakslid.

Økonomien er god. Mellom anna grunna sal av vegleiingstenester som **Eilev** gjer for to trusopplæringsprosjekt, eitt i Hallingdal og eitt i Bø i Telemark.

Styret er takksame for det gode samarbeidet ein har med **Tokke kyrkjelege fellesråd**.

Styret